

# Protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest

Tid: 10. juni 2014 kl. 13:45 – 17:45  
Møtestad: Grand Hotel Terminus, Bergen

**Styremøtet var ope for publikum og presse.**

## Deltakarar frå styret:

Maria Borch Helsengreen  
Olav Godtfred Klausen  
Jon Bolstad  
Inger Cathrine Bryne  
Anne Sissel Faugstad  
Per Karlsen  
Marianne Saugestad  
Nina Carstens  
Gunvald Andreas Iversen

Leiar  
Nestleiar  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem  
Styremedlem  
Varamedlem

## Forfall frå styret:

Bente Mari Rolfsnes

Styremedlem

## Deltakarar frå administrasjonen:

Jannicke Daae Tønjum, Administrerende direktør  
Ola Rye, Økonomisjef  
Thomas Garnes, Konsulent  
Berit Berntsen, HR- og organisasjonssjef  
Øystein Torgauten, Fagdirektør



## Sakliste

### Ope del

|           |     |                                                                          |
|-----------|-----|--------------------------------------------------------------------------|
| Sak 35/14 | B   | Godkjenning av innkalling og dagsorden                                   |
| Sak 36/14 | B   | Godkjenning av protokoll frå styremøte 08.05.2014                        |
| Sak 37/14 | O   | Orientering frå administrerande direktør                                 |
| Sak 38/14 | O   | Rapport frå verksemda per april 2014                                     |
| Sak 39/14 | B   | Risikovurdering per 1. tertial                                           |
| Sak 40/14 | O   | Kvalitet/ tilstand på produksjonslokala ved Sjukehusapoteket i Stavanger |
| Sak 41/14 | B   | Investering i ombygging av publikumsekspedisjon ved Sjukehuset i Førde   |
| Sak 42/14 | B/O | Eventuelt<br>Skriv og meldingar                                          |

### Lukka del

|           |   |                                                       |
|-----------|---|-------------------------------------------------------|
| Sak 43/14 | O | Status ESA-saka<br>(u. off. jf. Offentleglova § 23.1) |
|-----------|---|-------------------------------------------------------|



## Ope del

### B 35/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Forfall:

Bente Mari Rolfsnes deltok ikkje på møtet.

#### Dokument delt ut i møte:

Ein lysbiletserie om LOP- og KULE-prosjektet blei delt ut i møtet.

#### Eventuelt

Ingen saker blei meldt til Eventuelt.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

### B 36/14 Protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 08.05.2014

#### **Oppsummering:**

Ingen vesentlege innspel til protokollen.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 8. mai 2014.

### O 37/14 Orientering frå Administrerande direktør

#### **Oppsummering:**

#### **Ope del:**

#### **1. Overgang til ny grossist 01.01.2015**

Sjukehusapotekføretaka, leia av Sykehusapotekene HF, har på vegne av RHF-a gjennomført anbodskonkurranse G2015 med formål å etablere ny grossistavtale frå 1. januar 2015. Alliance Healthcare Norge AS har blitt tildelt kontrakt som sjukehusapotekføretaka sin nye grossist frå 1. januar 2015. Avtalen omfattar levering av legemiddel og handelsvarer til sjukehusapotek og helseføretak.

Det vil bli føreteke diverse teknisk testing utover hausten, samt opplæring av dei tilsette, slik at dei blir kjende med det nye systemet og dei nye skjermbileta.

Ved overgang til ny grossist vil det føreliggje ei viss risiko for vareknappheit, og dette er eit område som SAV aktar å ha stort fokus på. Samstundes må ein sjå opp for at ikkje både SAV og Alliance Healthcare byggjer lager.

Alliance Healthcare viser at dei tar samarbeidet på alvor, og har som målsetting å besøke alle apotek i sjukehusføretaka ila. 2014. Representantar frå Alliance kjem også inn i SAV sitt leiarmøtet den 24. juni, for å snakke direkte med leiinga i SAV.

#### **2. Revisjon av hovudavtalane mellom Sjukehusapoteka Vest og sjukehusføretaka i 2014**

Administrerande direktør (AD) ønskte med dette punktet å signalisere at arbeidet med revisjonen av hovudavtalane startar, og at det er eit stykke arbeid som må gjerast for å få ein god struktur på dei 4 (relativt like) avtalane.



AD ønskjer blant anna å forenkle strukturen i avtalane, og ønskjer å trekkje ut visse kontrakts-områder, slik som husleigekontraktar, teknisk vedlikehald, barnehageplass etc., og regulere desse i eigne avtar. AD peikte også på at det må på plass ei fungerande kontrakts-gruppe/forbetra struktur for kontraktsoppfølging, samt at det må på plass i avtalen ein tydeleg varslingsfrist for ønska endringar frå sjukehusføretaka som påverkar bemanningssituasjonen i SAV.

Merknad frå styret:

Styret ga aksept for at SAV kjem med forslag på ei kontrakts-gruppe, samt forslag om kven som skal vere høyringsinstans for revidert hovudavtale. Styret spelte også inn at ei mogleg kontrakts-gruppe kan vere fagdirektørmøte eller AD-møte.

**3. Leiarsituasjonen ved Sjukehusapoteket i Bergen**

Apotekar ved Sjukehusapoteket i Bergen er sjukemeld – i første omgang fram til 23. juni. Dette har administrasjonen løyst ved å konstituere apotekar ved Haugesund til også å vere apotekar i Bergen. Apotekar i Haugesund vil derfor i ein periode dele seg 50/50 mellom dei to apoteka.

**4. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**

Ingen saker på dette punktet.

**5. Oversikt over tilsyns-, kontroll-, og klagesaker**

Ingen nye saker på dette punktet utover allereie føreliggjande sak om tilsyn av drift av Sjukehusekspedisjonen og Publikum ved Sjukehusapoteket i Bergen. Styret vil bli informert når rapport er levert/ svar kjem frå tilsynet.

**6. Oversikt over aktuelle høyringar**

Gjennomgang av svarbrev sendt på høyringar:

- Revisjon av forskrift av 3. april 2008 nr. 320 (FOR-2008-04-03-320) om legemiddelhåndtering for virksomheter og helsepersonell som yter helsehjelp (svarbrev sendt i høve til frist 10.04.14)
- Produksjon av sterile legemiddel til lagerhold (svarbrev sendt i høve til frist 28.03.14)
- «Bruk av opioider - ved behandling av langvarige ikke-kreftrelaterte smerter» (svarbrev sendt i høve til frist 27.04.14)
- Invitasjon til å komme med forslag til nye strategiske satsingsområde i Helse Vest (svar sendt per mail i høve til frist 28.05.14)
- Medisinsk begrunnelse ved forskrivning av legemiddel på godkjenningssfritak (svarbrev vert sendt i høve til frist 01.09.2014)
- Endring av aldersgrensa for bortfall av helsepersonells autorisasjon m.v. fra 75 - 80 år (Helse Vest vil samordna svar i høve til frist 01.09.2014)

**7. Styresaker til oppfølging**

Ingen saker på dette punktet

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek meldingane til orientering

## **O 38/14 Rapport frå verksemda per mars 2014**

**Oppsummering:**

HR- og organisasjonsavdelinga har fokus på kompetanseutvikling, rekruttering, organisasjonsutvikling, arbeidsmiljø, leiling og medarbeidarskap. Dei to store utfordringane ligg i sjukefråvere og rekruttering av leiarar.

Sjukefråveret har sidan 2010 vore svært høgt i SAV. Vi har arbeidd systematisk for å redusere dette, og såg ei positiv utvikling i 2013. Sjølv om sjukefråvere steig noko dei første 3 månadene i år, syner trenden fortsatt nedgang. SAV har derfor tru på eigne tiltak, og fortsetter tett oppfølging av sjukemelde.



Rekruttering av leiarar er utfordrande, og SAV prioriterer strategisk kompetansestyring for å utvikle eigne talent. At SAV legg stor vekt på dette, synes klårt i måling av SAV sin bruk av Kompetanseportalen.

Største utfordring på fagområdet er å arbeide med drivarar i dei ulike forretningsområda, slik at ein bygger lik kvalitet i leveransar frå alle apotek, og sikrar effektiv drift og dermed tilstrekkelig inntening. Dette skjer blant anna gjennom prosjektet «Verksemdsstyring i SAV».

På fagsida er det sett i gang fleire parallelle prosjekt, som treff organisasjonen samstundes. Dette gjer at organisasjonen opplever ein meirbelastning, samstundes som prosjekta legg beslag på viktige ressursar. Det er prosjektet «Verksemdsstyring i SAV» som belastar organisasjonen mest.

SAV har ved utgangen av april ei samla omsetning som ligg 4,6 mill. under budsjett. Bruttomargin frå varesalet ligg 2,6 mill. under budsjett. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 1,5 mill. og 1,3 mill. under budsjett. Samla resultat er på 1,1 mill., noko som er 0,2 mill. under budsjett. SAV syner gjennom dette at ein har god kostnadskontroll, men at ein så langt i år ikkje klarer budsjettet omsetning, og da først og fremst i publikumsekspedisjonane.

#### Merknader frå styret:

Når det gjeld avdeling 145, ønskte styret at det gjennomførast ei utredning som ser på om det fins alternativ medisin som kan kjøpast (f. eks. utanlands), framfor å produsera (dyrt) sjølv. I denne forbindelse bør det setjast ned ei faggruppe med kompetente tilsette, som ser på kva som har blitt produsert dei siste 3 åra, og kva som eventuelt kan produserast av andre, og kjøpast i staden for produserast sjølv.

Styret bad om å bli orientert nærare om bruttomarginane i avdeling 145 ved neste styremøte, då administrasjonen har fått analysert desse tala nærare. Styret påpeikte også at SAV ikkje kan leve med eit resultat på MNOK -6 i PUB. Konklusjonen er at administrasjonen må gjennomføre tiltak for å rette opp i dette.

Styret framhaldt sitt krav om at SAV skal nå budsjettet resultat for 2014.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek, med dei innspel som er framlagte, verksemdsrapporten per april 2014 til orientering. Styret forventar at administrasjonen fortsatt vidarefører dei handlingsplanane som er lagt til grunn for å nå budsjett.

## **B 39/14 Risikovurdering 1. tertial**

### **Oppsummering:**

Status i første tertial er:

**Styringsmål 1 «Tal på skader som kan unngåast i helsetenesta..»** har uendra risiko, men syner noko positiv utvikling.

**Styringsmål 2 «Tilpassing til ESA-krav..»:** Utreiingsprosjektet er vedteke i Helse Vest, organisert og tildelt ressursar. Gjennomføring planlagt i mai-juni. Risiko redusert.

**Styringsmål 3 «SAV har kompetanse og kapasitet som er naudsynt..»** har uendra risiko, men syner noko positiv utvikling.

**Styringsmål 4: «SAV har kvalitet i alle prosessar»** har uendra høg risiko. Overordna ansvar og modell for styring er fastlagt, men arbeid med verdiskapingsprosessane startar først i mai og vil gå ut året. Tempo og omfang i 2014 vert å vurdere når erfaring frå modellering av dei første prosessane føreligg.

Risiko er knytt til realisering av gevinst ved betre dokumentering, effektivitet og lønsemd. Det er grunn til å streke under at drifta er forsvarleg i høve til lov og forskrifter.



Risiko er altså redusert i første tertial og alle delmål har risiko på eit nivå som kan handterast. Under Styringsmål 3 «SAV har kompetanse og kapasitet som er naudsynt for å løyse oppgåver» og Styringsmål 4: «SAV har kvalitet i alle prosessar» er det delelement med høg risiko, og der vert tiltak prioritert.

Det er ikkje tatt inn nye risikomoment, og SAV vurderer løypande om ny risiko oppstår og treng handsaming.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjenner risikorapport og tiltak per 1. tertial 2014.

## **O 40/14 Kvalitet/tilstand på produksjonslokala ved Sjukehusapoteket i Stavanger**

### **Oppsummering:**

Statens Legemiddelverk (SLV) gjennomførte tilsyn i produksjonslokala ved Sjukehusapoteket i Stavanger (SiS) 30.06.2003. Tilsynet avdekket 15 avvik. Ingen var kritiske, og 6 av disse var merknader. Avvik med omsyn til apotekets lokalar og apotekets prosedyrar for produksjon av sterile legemiddel generelt, og for cytostatika spesielt, vart påpeikt. Apoteket skisserte ein framdriftsplan for retting av påpeikte avvik som innebar bygging av nytt cytostatikarom i poliklinikken til kreftavdelinga ved Stavanger Universitets Sjukehus (SUS), og ombygging av eksisterande produksjonslokalar i apoteket.

I samsvar med den leverte planen til SLV skulle nytt cytostatikarom byggast hausten 2004/ våren 2005 og ombygginga av sterilromma starte opp våren 2005. SLV lukka tilsynssaken under føresetnad av at denne framdriftsplanen vart følgt utan vesentlege endringar. Produksjonsoppgåvene til apoteket vart i ettertid endra grunna funksjonsdeling i Sjukehusapoteka Vest (SAV) og dette vart tatt omsyn til i vidare planer for lukking.

Nytt cytostatikarom vart ferdigstilt og tatt i bruk 2006. Den andre planlagde ombygginga vart ikkje gjennomført. Sterilrom er i dag på grensa til å tilfredsstille myndigheitskrava, både med omsyn til inventar og bygningsteknisk, inkludert ventilasjon. Validering og testar viser at dei fastsette målbare krav er oppfylte, utan ombygging.

Dagens drift sikrar pasienttryggleiken.

Det er fortsatt eit behov for å fornye lokala for aseptisk tilsetningsproduksjon ved SiS, då lokala er lite hensiktsmessig utforma med omsyn på dagens bruk, og da kvaliteten på lokala er på grensa i høve til å tilfredsstille myndigheitskrav. Produksjonslokala har behov for ombygging.

#### Merknader frå styret:

Styret ber SAV, i tillegg til å arbeide med mogeleg ombygging av sine eksisterande lokalar ved SUS, å vurdere utflytting frå sjukehusområdet slik andre støtte- og kjernetenester ved SUS gjør.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek saka til orientering.



## **B 41/14 Investering i ombygging av Publikumsekspedisjon ved Sjukehuset i Førde**

### **Oppsummering:**

Med bakgrunn i forventninga om effektiv drift og auka inntening i publikumsekspedisjon søker ein no å modernisere publikumsarealet, gje meir plass til kundar og handelsvarer og profilere ekspedisjonen om etter konsept henta frå Sykehusapotekene HF.

Ein ynskjer å:

- Etablere nytt konsept
- Utvide sjølvvalet
- Etablere en ny direktereseptur

Utvida areal og ny profil i publikumsavdelinga vil kunne markere og gi ein tydeleg skilnad mellom sjukehusapoteket og eit privat apotek. Varer tilpassa den sjuke kunden vil få ein prioritert plass i sjølvvalet. Dette vil bli forsterka av den faglege satsinga føretaket har prioritert gjennom blant anna EBS-kurs for dei tilsette. Sjukehusapoteket skal vere ei fagleg sals-bedrift der det er fokus på gode råd tilpassa den enkelte kunde.

Basert på det ovanfor nemnde, og ei bevisst konseptutvikling, instillar administrasjonen på investering i ombygging Publikumsekspedisjon ved Sjukehusapoteket i Førde.

### Merknader frå styret:

Styret reiste spørsmål til kostnaden ved ombygginga, men aksepterte denne med da denne bli forklart med høge kostnader knytt til nødvendig flytting av tekniske installasjonar. Styret retta og spørsmål knytt til om ombygginga faktisk vil gje naudsynt kvalitetsheving av lokala, og dermed vil kunne forsvare ein høgare leigepreis tatt frå Helse Førde – uavhengig av om det er SAV eller ein annan leigetakar som leiger.

Administrasjonen svara dette ut med at ombygginga av lokala er naudsynt for å få utnytta arealet betre, som igjen er heilt naudsynt for at sjukehusapoteket skal kunne drive sunt, og kunne tilby kundane eit vareutval tilpassa spesialisthelsetenesta.

Styret anerkjende SAV sitt behov for opprusting av Sjukehusapoteket i Førde. Styret ønskte likevel – ettersom også Sjukehusapoteket i Førde vil bli omfatta av ei framtidig arealplan i Helse Førde – at Helse Førde (ved Jon Bolstad) undersøker om det allereie no kan skaffast til veie eit lokale som SAV kan anvende på lang sikt. Viss så går an, tykte styret at det er ei mykje betre løysing, enn å bruke store summar på ei ombygging av lokalar no, som sjukehusapoteket likevel berre kan bli verande i på kort sikt/midlertidig. Dersom alternative lokalar ikkje kan skaffast til veie på rimelig kort sikt, har SAV styrets godkjenning til å skaffe til veie lokalar som beskriven i saka.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret vedtek investering i ombygging av Publikumsekspedisjon ved Sjukehusapoteket i Førde, dersom alternative areal i Helse Førde ikkje lar seg framskaffe innan rimelig kort tid.

## **B/O 42/14 Eventuelt**

Ingen saker under Eventuelt.



## Lukka del

### O 43/14 Status ESA-saka

Administrasjonen presenterte status for saka, og drøfta med styret naturleg vidare saksgang.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek saka til orientering.

## Skriv og meldingar

#### Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

Ingen

#### Følgjande skriv og meldingar vart delt ut i møtet:

Ein lysbiletserie om LOP- og KULE-prosjektet blei delt ut i møtet.



Ref. Thomas Garnes

10.06.2014

Maria Borch Helsengreen  
Styreleiar

Jon Bolstad  
Styremedlem

Per Karlsen  
Styremedlem

Bente Mari Rolfsnes (Sett)  
Styremedlem

Marianne Saugestad  
Styremedlem

Olav Godtfred Klausen  
Nestleiar

Anne Sissel Faugstad  
Styremedlem

Inger Cathrine Bryne  
Styremedlem

Nina Carstens  
Styremedlem